

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

**Avdeling for
Innovasjon og næringsutvikling (INN)**

Dato	03.05.2022
Vår referanse	2022/16599-3
Dykkar referanse	22/225-1
Sakshandsamar	Audun Erik Gisle Sunde
E-post	Audun.Erik.Gisle.Sunde@vlfk.no
Telefon	57637940

Svar på høyring - Utsira Nord og Sørlege Nordsjø II, utlysingsområde for fornybar energiproduksjon til havs

Vi viser til e-post frå ekspedisjonssjef (då avdelingsdirektør) Kristin Myskja 11. mars, der vi fekk utsett frist for å sende høyringssvar til 4. mai for å nå politisk handsaming.

Fylkesutvalet Vestland fylkeskommune har i dag handsama høyringa i sak PS 94/2022 (https://prod01.elementscloud.no/publikum/821311632_PROD-821311632/DmbMeeting/45).

Fylkesutvalet vedtok følgjande fråsegn:

1. Vestland fylkeskommune har ikkje spesifikke kommentarar til den føreslegne inndeling av utlysingsområda. Vi ber derimot om at det blir lagt stor vekt på dialog og samhandling med/innspeil frå havbruks- og fiskeriinteresser, slik at eventuelt konfliktpotensial blir minimert.
2. Vestland fylkeskommune ser det som særleg viktig at utlysing av Utsira Nord kjem i gang raskt. Tilgang på areal som eignar seg best for flytande installasjonar, er viktig for å halde på og å vidareutvikle norsk posisjon innan flytande havvind.
3. Vestland fylkeskommune støttar prinsippet om kvalitative tildelingskriterium på Utsira Nord. Kriteria må utformast klokt, slik at dei i størst mogleg grad støttar opp om utvikling av leverandørkapasitet i Noreg.
4. Vestland fylkeskommune meiner det er fornuftig å ha gitt NVE i oppdrag å vurdere ny konsekvensutgreiing av område som til no ikkje har blitt opna. Det er viktig at dette omfattar område som eignar seg best for flytande produksjon, og at framdriftsambisjonane også for desse områda er offensive og tydelege.
5. Vestland fylkeskommune meiner det er viktig at områdeavklaringar og utlysingar byggjer på oppdatert kunnskapsgrunnlag, med strenge krav til miljøforvaltning og naturmangfald, for å sikre best mogleg handtering av natur- og miljøomsyn. Dette omfattar mellom anna kunnskap om trekkande fugl.
6. I forhold til eventuelle «nye område som eignar seg for opning i lys av oppdatert kunnskapsnivå og teknologi- og marknadsutviklinga som har skjedd sidan førre konsekvensutgreiing» (ref. NVE-oppdraget), vil Vestland fylkeskommune peike på potensialet som ligg i snarleg del- (eventuelt heil-) elektrifisering av olje- og gassplattformer (jf. t.d. Hywind Tampen og Brage).

7. Vestland fylkeskommune meiner at utbygging av offshore vind ikkje må føre til auka nettleige på fastlandet

Med helsing

Audun Erik Gisle Sunde

seniorrådgjevar

INN - Grøn vekst, klima og energi

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift